



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 29.05.2015

Vår ref.: 2014/24561-11

Saksbehandlar: solrong

Dykkar ref.: «REF»

## **Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2015 - Hordaland fylke - Stord kommune - Prosjekt Hystadmarka. Tildeling av tilskot**

Me viser til Dykkar søknad av 1.12.2014 og vårt mellombels svar av 17.12.2014 med stadfesting av motteken søknad. Forseinka melding om tildeling av tilskot i denne saka skuldast avklaringar i høve til bruk av midlar, og De er halde informert om dette per telefon.

Hordaland fylkeskommune har søkt Riksantikvaren om stønad til tiltak på vegne av kommunar og andre. Riksantikvaren gir tilskot til prosjekt Hystadmarkjo på kr. **180.000,-** av midlar frå statsbudsjettet, kap. 1429 post 70 - BARK og BERG.

Tilskotet skal nyttast til tiltak i Hystadmarkjo, i tråd med innsendt søknad av 1.12.2014. Hystadmarkjo er eit verneområde med natur- og kulturverdiar, og den aktuelle skiltinga omhandler ikkje berre kulturminne men òg informasjonstavler om flora og fauna. Ved tildeling er det frå Riksantikvaren si side lagt vekt på at Hystadmarkjo har stor opplevingsverdi. Riksantikvaren ber om at det vert utarbeidd ein skjøtselsplan for å sikra godt vedlikehald av skilt og kulturminne i Hystadmarkjo. Hordaland fylkeskommune vil utarbeida skjøtselsplanen i samråd med Stord kommune og forvaltningsmynda for verneområdet Hystadmarkjo.

### **Tidsavgrensing.**

Tilsegna er gitt for inneverande år, og kan overførast til neste år etter søknad. Tilsegna fell bort etter to år. Det må søkjast spesielt om overføring av tilskotet til neste år.

### **Arbeidsgjevaransvar**

Søkjar må sjølv stå som arbeidsgjevar for eventuell innleigd arbeidskraft. Rekningar skal adresserast til søker, som må forsottera utbetalinger.

### **Skjøtselsplan og godkjenning av arbeid**

For alle tiltak skal det ligga føre godkjent skjøtselsplan, eller vera skjøtselsplan under utarbeiding som del av prosjektet. Dersom det ikkje ligg føre godkjent skjøtselsplan må arbeidet vera godkjent av Hordaland fylkeskommune før oppstart. Fylkeskommunen avklarar kor vidt tiltak må godkjennast av Riksantikvaren.

### **Tilskotsreglementet**

Med tilvising til Tilskotsreglementet § 10 gjer me merksam på at Hordaland fylkeskommune har høve til å føra kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene.

## Vilkår for utbetaling av tilskot, rapportering og rekneskap

Tilskotet kan utbetalast etter kvart som tiltaka er utført, og rapport og rekneskap saman med førespurnad om utbetaling er sendt fylkeskommunen. Fylkeskommunen vidaresender dette til Riksantikvaren. Mottakar må samstundes dokumentera at anna finansiering er i orden i høve til finansieringsplanen. Ved endringar i finansieringsplanen må fylkeskommunen varslast med ein gong.

**Krav om utbetaling av tilskot, rapport og rekneskap må vera fylkeskommunen i hende seinast 15. oktober 2015.** Det må søkjast om eventuell overføring av unytta tilskot innan same frist.

Det skal leverast sluttrapport og sluttrekneskap for prosjektet, med skildring og illustrasjon av utførte tiltak og resultat. Anna finansiering skal visas i rekneskapet. Me ber om at eit utval digitale foto frå utførte prosjekt føl rapporten.

## Tilbakebetaling

Me tar etterhald om at tilskotet kan verte kravd betalt attende, heilt eller delvis, dersom det syner seg at mottakar har gjeve urette opplysningar. Dette gjeld òg dersom kostnadene syner seg å verte vesentleg lågare enn budsjettet i søkeraden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført som føresett.

## Retningslinjer frå Riksantikvaren

Me legg ved retningslinjene frå Riksantikvaren, men gjer merksam på at De i denne saka skal kontakta **Hordaland fylkeskommune og ikkje Riksantikvaren**. For utbetaling av tilskot er det ein føresetnad at vilkåra både i dette brevet og i vedlegget vert akseptert. Me ber om skriftleg tilbakemelding på aksept av vilkår for tilskot innan 4 veker frå dette brevet vert motteke.

Me legg ved skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må returnerast kultur- og idrettsavdelinga.

Utsendinga av dette brevet har tatt noko tid, grunna naudsynte avklaringar i høve til tildelinga. De er halden informert om dette per telefon, og avklaringane er gjort i samråd med Dykk. Grunna tida som no er gått frå Riksantikvaren gav melding om tildeling er det ikkje høve til å klaga på tildelinga.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Solveig Lohne Rongved  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Vedlegg

- 1 Aksept for vilkår for tilskot
- 2 Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70.